

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 064/14 | Formannskapet | PS | 09.04.2014 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|----------|------------|
| Olav Birger Andersen | FE - 412 | 14/573 |

Prosjektleiar " Austrheim heile livet" - Overføring av stillinga frå AS Austrheim Næringssselskap

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at stillinga som prosjektleiar for « Austrheim heile livet» vert overført til kommunen frå 01.05.14 og ut prosjektperioden til 01.06.2015.
Kostnaden kr. 300.000,- vert dekkja med kr. 150.000,- frå ansvar 800 og kr. 150.000,- med overføring frå ansvar 802 – kommunestyre si tilleggsøyving.
Kostnader for 2015 vert innarbeida i budsjettet.

Formannskapet - 064/14

FS - behandling:

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabile under handsaming av saka.

Terje Håland og Olav Andersen tilrådde møtelyden under handsaming av saka. Helge Dyrkolbotn leia møtet.

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

Austrheim kommune overfører midler til dekning av stillinga i 2014.

Rådmannen si tilråding fekk 4 røyster og framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 1 røyst.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at stillinga som prosjektleiar for « Austrheim heile livet» vert

overført til kommunen frå 01.05.14 og ut prosjektperioden til 01.06.2015.

Kostnaden kr. 300.000,- vert dekkja med kr. 150.000,- frå ansvar 800 og kr. 150.000,- med overføring frå ansvar 802 – kommunestyre si tilleggsøyving.

Kostnader for 2015 vert innarbeida i budsjettet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommunestyre har i møte den 16.11.2011, K-sak 107/11 gjort fylgjande vedtak:

1. Austrheim kommunestyre støttar den framlagte modellen for organisering av « austrheim heile livet », der Austrheim Næringssselskap tilset prosjektleiar som så vil bli leigd ut til Austrheim kommune.

2. Austrheim kommunestyre ber AS Austrheim Næringssselskap setja i gang prosessen med å tilsetja prosjektleiar.

3. I budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015 vil Austrheim kommunestyre ta stilling til å tilføra Austrheim Næringssselskap eigenkapital i prosjektperioden.

AS Austrheim Næringssselskap har tilsett prosjektleiar som tok til i stillinga med verknad frå 01.06.12.

Finansiering av prosjektlederstillingen var tenkt som fylgjer:

1/3 av kostnaden er finansiert av tilskudd fra fylket

1/3 av kostnadene skulle finansierest av næringslivet.

1/3 skulle finansieres av næringssselskapet av tilskudd på kr. 900.000,- mottatt av kommunen.

Næringslivet har ikke bidratt og resultatet er at næringssselskapet betaler 2/3 av kostnaden.

Kostnaden er fordelt som følger:

| | 2012 | 2013 | Totalt hittil: |
|---------------|-----------|---------|----------------|
| Fylket | 125.000,- | 250.000 | 375.000 |
| AN | 125.000,- | 250.000 | 375.000 |
| AN | 125.000 | 250.000 | 375.000 |
| Total pr. år: | 375.000 | 750.000 | |

Da AN også har dekket kostnadene til næringslivet har AN brukt kr. 750.000 på 1 ½ år med prosjektlederstilling. AN har altså kr. 150.000 igjen til finansiering av de siste 1 ½ år med prosjektlederstilling.

Konklusjon:

AS Austrheim Næringssselskap har ikke tilstrekkelig midler til å dekke prosjektlederstilling de siste 1 ½ år.

Alternative løysingar:

- Hente inn ny kapital til dekning av kostnadene.
- Overføre stillingen til kommunen
- si opp prosjektlederen

Styret i AS Austrheim Næringssselskap har i møte den 10.03.14 gjort fylgjande vedtak:

Styret i AS Austrheim Næringssselskap søker Austrheim kommune om å overta prosjektleiarstillinga for prosjektet « Austrheim heile livet » for resten av prosjektperioden fram til sumaren 2015.

Det vert søkt om eit årleg tilskot til dekning av lånekostnadene.

Prosjektleiaren har bidratt til fylgjande innvilga tilskot:

- Austrheim Heile Livet, drift. Tilsegn om 975.000 frå HFK 2013-15.
- Saman om ein betre kommune. Tilsegn om 900.000 frå KMD 2013-15.

- Utbygging av breiband. Tilsegn om 1,6 mill. frå HFK.
- Forprosjekt, Sentrumspark. 95.000 frå HFK.
- Kaiprosjektet, Mastrevikane. 50.0000 frå Sparebanken Vest.

I tillegg ventar ein på positivt svar også på sentrumsparken (etablering), og det er sendt inn to søknader på miljøtilskot Åråsvågen og ny søknad på kaiprosjektet .

Vurdering

Eg finn det rimeleg at overføring av stillinga til kommunen for resten av prosjektperioden er den beste løysinga då prosjektleiaren kun gjer arbeid for kommunen gjennom prosjekta « Austrheim heile livet» og « Saman om ein betre kommune». Det ligg føre leigeavtale mellom AS Austrheim Næringssselskap og Austrheim kommune om disponering av prosjektleiaren.

Økonomi

Kostnaden med stillinga for kommunen vil bli kr 300.000,- i 2014. Denne kostnaden må dekkast Med kr. 150.000,- frå ansvar 800 (innsparte midler frå samfunnsutviklarprosjektet) og resten kr.150.000,- frå ansvar 802-komunestyre si tilleggsøyving.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre godkjenner at stillinga som prosjektleiar for « Austrheim heile livet» vert overført til kommunen frå 01.05.14 og ut prosjektperioden til 01.06.2015.

Kostnaden kr. 300.000,- vert dekkast med kr. 150.000,- frå ansvar 800 og kr. 150.000,- med overføring frå ansvar 802 – kommunestyre si tilleggsøyving.

Kostnader for 2015 vert innarbeida i budsjettet.